

**Festivalen legg ned mykje krefter i marknadsføringa. Saman med eit godt festivalprodukt ser dei no at dette verkeleg ber frukter, held koordinatorane for Festivalen fram i ein rapport til formannskapet. Lokalavisene er flinke til å gi arrangementet store og gode oppslag og det får aukande omtale i regionale media og riksdekkande radio og TV. Festivalen med sitt særpreg er i ferd med å verta ei merkevare som gir positive assosiasjonar, slår rapporten fast.**

Verjeordninga fungerer bra og skjenkekontrollen har ikkje avdekket kritikkverdige tilhøve. Det var eit tilfelle der ein gjest tilsynelatande vart utsett for ei valdshandling frå ein eller to andre gjester og måtte til sjekk på legevakta. Festivalen vil i likheit med politiet følgje opp saka og justera opplegget for det lukka området.

Politiet seier seg nøgd med transportopplegget og meiner vakthaldet var bra. Festivalen har for det meste eit svært godt samarbeid med kommunen. Samarbeidet med kommunen sitt rusfaglege miljø kan likevel verta betre. Ein ser udokumenterte påstandar og i stor grad syning i uttaler til skjenkesøknadane,

- Om deira uro var reell og basert på faktiske hendingar ville vi forventet at dei tok kontakt med festivalleiinga for å drøfte desse tilhøva, heiter det i rapporten. Dei ønskjer også eit tettare samarbeid med kommunen sitt støtteapparat for psykisk utviklingshemma.

Næringslivet er i godt inngrep med Festivalen. Dei har mange store og små sponsorar som bidreg med praktisk hjelp, lån av utstyr, forpleiing, økonomiske bidrag, transport, materialar og mykje lått og løye. Utan alle desse ville det ikkje vere mogeleg å gjennomføra arrangementa.

Festivalen treng svært mange frivillige. Det har vore krevjande å verva nok folk og denne utfordringa vil få ekstra fokus framfor neste års arrangement. Det viser seg at dei frivillige får stort utbytte, fastslår rapporten.

Av Ola Matti Mathisen